



Årsmelding 2022

Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

| | |
|---------------|--|
| Styreleiar | Valborg Kløve-Graue |
| Styremedlemer | Olav Seim (nestleiar) Anne Arneberg (skrivar) Peder Ringdal (kasserar) Laila Rynning Veum (styremedlem) |
| Varamedlemer | Kåre Lie Ragnhild Blikberg |
| Valnemnd | Bridget Penny Øystein Dahl Kari Bye |
| Revisor | Margunn Blikberg Nordgård |

Voss kulturråd har per i dag 48 medlemslag og -organisasjonar

Kulturrådet sitt arbeid i 2022

Styret har i meldingsåret hatt fire ordinære møte.

Sommarmøtet vart lagt til heradshuset på Evanger, Vassvøri Sogelag. Leiar Grethe Finsrud Agerli hadde ei interessant orientering om laget sitt mangfaldige arbeid, før smaksrik servering i Rongahuset.

Voss kulturkalender vart lansert på Voss kulturråd sitt årsmøte i 2018, og fungerer godt både som planleggingsverktøy og arrangementsoversikt.

Terje Nesthus har i 2022 gjort arbeid med å bygga opp kalenderen på nytt i eit betre program.

-Oppgradera serveren (rundt 1200,- i året for nytt webhotell, i staden for One.com).

-Årsavgift for vedlikehald og oppgraderingar.

-Involvera fleire i drifta slik at kalenderen ikkje er avhengig av Terje for å fungera i framtida.

Ansvargruppa har kartlagt erfaringer dei har gjort seg med funksjonaliteten, og forbetringar skal inn i det nye programmet. I oppgraderinga skal ein gjera det som gjerast kan for å førebygga feilbruk av bilete i framtida.

Mogleg brot på opphavsretten

Kulturkalenderen/Voss kulturråd vart avkrevd ca kr 8000 for å ha publisert eit bilete som var beskytta av åndsverklova. Biletet var publisert som gjenkjenningseffekt for eit årleg seminar, ikkje i regi av oss. Det vart ei lang sak med mange impliserte partar.

NB! Alle medlemmer har ansvar for å ikkje publisera bilete som ein hentar frå nett.

Voss kulturråd har gjeve sine årlege tilrådingar for tildeling av kommunale kulturmidlar (mars og oktober), kulturstipend (mai) og kulturpris (desember)

Voss herad sin nye kulturpris viser seg å vera delt ut dei to første åra i ukomplett utgåve. Dette skal no rettast opp i.

Monumentet «Reist til minne um Spelemannen Ola Mosafinn og gamle ridande Vossabrudlaup». Kulturrådet er aktivt med i hovudarrangementskomiteen for planlegging av avdukinga av monumentet 10. juni 2023 på Prestegardslandet.

Kontakt med lokalavisa

Møte med ny ansvarleg redaktør og dagleg leiar i Hordaland, Ingvil Aen Torpe, og nyhenderedaktør Terje Hjartnes. God og viktig dialog, me inviterte dei til årsmøtet.

Frivilligheidsdagen 27. august

Stand på Tinghusplassen

Styret investerte i to banner og flygeblad. Logolink leverte.

Innspelsrundar om ny regional plan for kultur, idrett og frivillighet for Vestland fylkeskommune

Vedtak om å slutta oss til eit felles innspel frå andre amatørkulturråd i fylket om å revidera søknadskriterier for kulturmidlar i kommunar med høgt folketal. Styret har delteke på diverse innspelsmøte til ny plan, både på Voss og i Bergen.

Opne arrangement

Voss kulturråd fekk øyremerka 40.000 i etter-covidtilskot via amatørkulturrådet i Bergen, til eit opne arrangement før årsskiftet 2022–23. Me kom nesten i hamn med eit konsertstunt på Amfi før jol. Leiinga ved Amfi er interesserte i, og positive til, at lag og organisasjonar kan opptre og visa seg fram under takvindauga i sentrum av bygget.

Samrådningsnemnd for bruk av fylkeskommunale vidaregåande skular etter skuletid

Kulturrådet vart, saman med idrottsrådet og andre, invitert inn som høyringsinstans i arbeidet med å opna for gratis bruk av romfasilitetar for lag og organisasjonar etter skuletid. Tre møter så langt, ingen konklusjon. Voss herad skal etter planen utføra «kartlegging av tilgjengelege/gratis møterom for frivilligheita».

Gamlekinoen

Peder Ringdal og Valborg Kløve-Graue er Voss kulturråd sine representantar i arbeidsgruppa for oppussing av Gamlekinoen. Arbeidsgruppa har hatt eitt innspelsmøte dette meldingsåret.

Gjengangarsak 1: Voss kulturråd si rolle i kulturlivet i Voss herad (overført til handlingsplan 2023)

Gjengangarsak 2: Presentasjon av kulturprismottakarar i Voss kulturhus i samarbeid med kulturhussjef Randi Kvinge (overført til handlingsplan 2023)